

**Møteinnkalling**

<b>Utval:</b>	<b>Styret for Fagskolen Vestland</b>
<b>Møtestad:</b>	Fagskolen Vestland - studiestad Stord Eldøyane, 5411 Stord
<b>Dato:</b>	27.04.2026
<b>Tid:</b>	Kl. 09:00

Oppmodar om at avklaring om habilitet blir meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av medlemmene i styret ikkje kan møte og må melde forfall, blir dei bedne om å gjere dette snarast til [Ingrid.Fagerheim.Settem@vlfk.no](mailto:Ingrid.Fagerheim.Settem@vlfk.no).

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Styret for Fagskolen Vestland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

**Program**

- Kl. 09:10 Velkommen v/styreleiar
- Kl. 09:15 Presentasjon v/Sigbjørn Framnes, ordførar i Stord kommune
- Kl. 09:30 Presentasjon v/arbeidslivet på Stord  
Omvising
- Kl. 10:30 Pause
- Kl. 10:45 Sakshandsaming
- Kl. 11:30 Lunsj
- Kl. 12:30 Presentasjon av Stordmodellen v/Trond Haga, Aker Solutions
- Kl. 13:00 Pause
- Kl. 13:15 Presentasjon av NKR m.m. v/Arvid Ellingsen, LO
- Kl. 14:00 Pause
- Kl. 14:15 Sakshandsaming og orienteringar til møtet kan avsluttast
- Kl. 16:00 Tentativ slutt

**Oddmund Klakegg**

Styreleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off</b>
GK 04/26	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
GK 05/26	Godkjenning av møteprotokoll frå 27.02.2026	2022/486	
GK 06/26	Godkjenning av møteprotokoll frå 07.04.2026	2022/486	

### **Referatsaker**

RS 03/26	Val av arbeidslivsrepresentantar til styret for Fagskulen Vestland	2022/486	
RS 04/26	Fagskulen Vestland ønskjer å verte institusjonsakkreditert	2022/486	
RS 05/26	Innspel til arbeidet med nye nivåskildringar	2022/486	
RS 06/26	Utviklingsmidlar til høgare yrkesfagleg utdanning	2022/486	
RS 07/26	Rekneskap 1. kvartal	2022/486	
RS 08/26	Bruk av funksjonar ved Fagskulen Vestland	2022/486	

### **Vedtaksaker**

VS 07/26	Tilbudsstruktur for skuleåret 2026/2027	2022/486	
VS 08/26	Ressurssituasjon ved avdeling for etter- og vidareutdanning ved Fagskulen Vestland	2022/486	

### **Eventuelt**

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	<b>Styret for Fagskolen Vestland</b>
<b>Møtestad:</b>	Nettmøte
<b>Dato:</b>	27.02.2026
<b>Tid:</b>	Kl. 09:00 – 11:50

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Leiar	Eigar (Sp)
Karianne Alette Torvanger	Nestleiar	Eigar (Ap)
Tora Hodneland Kildehaug	Medlem	Eigar (H)
Gustav Bahun	Medlem	Eigar (FrP)
Bård Sandal	Medlem	Eigar (Adm.)
Bjørn Lyngedal	Medlem	Eigar (Adm.)
Wenny Irene Hansen	Medlem	Arbeidsliv (NHO)
Nils Petter Støyva	Medlem	Arbeidsliv (LO)
Trond Vedvik	Medlem	Tilsette
Leon Gaebpie Jensen	Medlem	Studentar

**Følgjande faste medlemmer melde forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer

---

**Merknader**

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Rektor
Eilert Årseth	Prorektor for utdanning
Lars Christensen	Prosjektleder EIU - utbygging
Ingrid Fagerheim Sættem	Rådgjevar/møtesekretær

**Følgjande frå administrasjonen møtte ikkje:**

Namn	Stilling
------	----------

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off</b>
GK 01/26	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
GK 02/26	Godkjenning av møteprotokoll frå 02.12.2025	2022/486	

### **Referatsaker**

RS 01/26	Rom- og funksjonsprogram Måløy	2022/486	
RS 02/26	Nye studieplassar - Fagskulen Vestland	2022/486	

### **Vedtaksaker**

VS 01/26	Akkreditering av ny utdanning: «Teamleiving i helsetenesta»	2022/486	
VS 02/26	Akkreditering av ny utdanning: «Solenergi, lagring og nettintegrasjon»	2022/486	
VS 03/26	Rom- og funksjonsprogram Måløy	2022/486	
VS 04/26	Rom- og funksjonsprogram Fagskulen Vestland, studiestad Bergen	2022/486	

### **Eventuelt**

## Godkjenningssaker

### **GK 01/26 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 27.02.2026

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknader.

**Oddmund Klakegg (Sp)** gjorde framlegg om å setje referatsak RS 01/26 på saklista som vedtakssak:

- VS 03/26 Rom- og funksjonsprogram Måløy

Styret for Fagskulen Vestland slutta seg samrøystes til forslaget og saka vart sett på saklista.

**Oddmund Klakegg (Sp)** gjorde framlegg om å setje følgjande sak på saklista:

- VS 04/26 Rom- og funksjonsprogram Fagskulen Vestland, studiestad Bergen

Styret for Fagskulen Vestland slutta seg samrøystes til forslaget og saka vart sett på saklista.

Saklista vart med VS 03/26 og VS 04/26 godkjent.

#### **Orienteringar i møtet:**

- Gjennomgang av status, drift og utvikling v/Torbjørn Mjelstad, rektor ved Fagskulen Vestland.
- Gjennomgang av lokasjonar/tomtealternativ for nytt bygg for Fagskulen Vestland, studiestad Bergen, v/prosjektleiar Lars Christensen i avdeling for eigedom og utbygging.

### **GK 02/26 Godkjenning av møteprotokoll frå 02.12.2025**

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 27.02.2026

Møteprotokollen vart godkjent utan merknader.

#### **Habilitet**

Ingen av medlemmene vart vurdert som ugild.

## Referatsaker

### **RS 01/26 Rom- og funksjonsprogram Måløy**

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 27.02.2026

Saka vart sett på saklista som vedtakssak - VS 03/26.

### **RS 02/26 Nye studieplassar - Fagskulen Vestland**

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 27.02.2026

Saka vart referert.

## Vedtaksaker

### **VS 01/26 Akkreditering av ny utdanning: «Teamleiring i helsetenesta»**

Forslag til vedtak

1. Styret vedtek å akkreditere utdanninga *Teamleiring i helsetenesta* (15 studiepoeng).
2. Utdanninga vert akkreditert som nettbasert utdanning med samlingar.
3. Utdanninga vert akkreditert med studiestad Nordnes.

### **Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 27.02.2026**

#### **Røysting**

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Styret vedtek å akkreditere utdanninga *Teamleiring i helsetenesta* (15 studiepoeng).
2. Utdanninga vert akkreditert som nettbasert utdanning med samlingar.
3. Utdanninga vert akkreditert med studiestad Nordnes.

## **VS 02/26 Akkreditering av ny utdanning: «Solenergi, lagring og nettintegrasjon»**

### **Forslag til vedtak**

1. Styret vedtek å akkreditere utdanninga «Solenergi, lagring og nettintegrasjon» (30 stp).
2. Utdanninga vert akkreditert som nettbasert utdanning med samlingar.
3. Utdanninga vert akkreditert med studiestad Førde.

## **Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 27.02.2026**

### **Røysting**

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Styret vedtek å akkreditere utdanninga «Solenergi, lagring og nettintegrasjon» (30 stp).
2. Utdanninga vert akkreditert som nettbasert utdanning med samlingar.
3. Utdanninga vert akkreditert med studiestad Førde.

## **VS 03/26 Rom- og funksjonsprogram Måløy**

### **Forslag til vedtak**

**Oddmund Klakegg (Sp)** sette fram slikt forslag:

1. Fagskulestyret er opptatt av at det er eit tydeleg skilje mellom den vidaregåande skulen og fagskulen i tråd med dei utviklingstrekk som er i sektoren for øvrig. Fagskulestyret deler rektor si bekymring om det RFP-dokumentet som ligg føre, ivaretek dette på ein god måte. Ein registrerer at det ikkje er teikna inn naudsynte grupperom til fagskulen sine studentar. Dette er viktig for studentane sin læringsprosess. Ein registrerer at to av dei opphavelige klasseromma er tatt vekk. Det gjer at studiestaden ikkje har nok rom til aktiviteten pr. i dag.
2. Fagskulestyret vil særleg peike på dei maritime utdanningane som særst viktig og at næringslivet har eit stort behov for dei sjøfolka som vi utdannar. Fagskulen har også oppdrag retta inn mot næringa i forhold til kursing og oppgradering av sertifikat. Det vert ikkje plass til slik verksemd i desse skissene.
3. Fagskulen satsar på studiestaden i tråd med Vestland fylkeskommune sin overordna strategi. Fagskulen har søkt om midlar til å fornye simulatorparken ved studiestaden og har henta inn om lag fem millionar frå direktoratet (HK-dir) og éin million frå Sparebankstiftinga. Fagskulen sikrar naudsynt infrastruktur og fagskulestyret oppmodar fylkestinget til å ta ei ny vurdering av deira planar kring RFP-dokumentet.

## **Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 27.02.2026**

**Nils Petter Støyva (LO)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg, punkt 1

Fagskulen må òg få ein tenleg resepsjon ved inngangen til skulen.»

### **Røysting**

Klakegg sitt forslag til vedtak, med Støyva sitt tillegg til punkt 1, vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Fagskulestyret er opptatt av at det er eit tydeleg skilje mellom den vidaregåande skulen og fagskulen i tråd med dei utviklingstrekk som er i sektoren for øvrig. Fagskulestyret deler rektor si bekymring om det RFP-dokumentet som ligg føre, ivaretek dette på ein god måte. Ein registrerer at det ikkje er teikna inn naudsynte grupperom til fagskulen sine studentar. Dette er viktig for studentane sin læringsprosess. Ein registrerer at to av dei opphavelige klasseromma er tatt vekk. Det gjer at studiestaden ikkje har nok rom til aktiviteten pr. i dag. Fagskulen må òg få ein tenleg resepsjon ved inngangen til skulen.
2. Fagskulestyret vil særleg peike på dei maritime utdanningane som sær s viktig og at næringslivet har eit stort behov for dei sjøfolka som vi utdannar. Fagskulen har også oppdrag retta inn mot næringa i forhold til kursing og oppgradering av sertifikat. Det vert ikkje plass til slik verksemd i desse skissene.
3. Fagskulen satsar på studiestaden i tråd med Vestland fylkeskommune sin overordna strategi. Fagskulen har søkt om midlar til å fornye simulatorparken ved studiestaden og har henta inn om lag fem millionar frå direktoratet (HK-dir) og éin million frå Sparebankstiftinga. Fagskulen sikrar naudsynt infrastruktur og fagskulestyret oppmodar fylkestinget til å ta ei ny vurdering av deira planar kring RFP-dokumentet.

## **VS 04/26 Rom- og funksjonsprogram Fagskulen Vestland, studiestad Bergen**

### **Forslag til vedtak**

Oddmund Klakegg (Sp) sette fram slikt forslag:

1. Begge tomtealternativa vil kunne fungere godt for fagskulen i Bergen.
2. Fagskulestyret vil likevel peike på alternativet med tomte på Kronstad som det føretrekte alternativet. Denne tomte vil gje gode synergjar med tanke på felles lab og simuleringsfasilitetar med HVL. Den vil kunne skape eit enda tettare samarbeid både fagleg, pedagogisk og administrativt med HVL. Begge institusjonane står overfor store organisatoriske endringar. HVL skal verte universitet medan fagskulen skal tilby utdanningar på høgare og meir komplekse nivå enn før, skal få større autonomi og jobbe meir internasjonalt. Eit tett samarbeid mellom institusjonane vil realiserast best gjennom felles bygg og jamleg samhandling, og vil bidra til at begge institusjonane lukkast betre i Bergen enn i dag. Det vil også ha ein tydeleg meirverdi for det verdiskapande arbeidsliv i Bergen.
3. Fagskulestyret er opptatt av studentvelferd og ei lokalisering på Kronstad vil gje studentane ved fagskulen enklare tilgang til Sammen sine tilbod, t.d. kantine, treningsfasilitetar og helsetenester.

4. Når det gjeld tidshorisont, så vil fagskulestyret peike på at Bergen kommune si overtaking av studiestad Nordnes er sett til 31.12.2032. Det betyr at ved val av alternativ må ein vere trygg på at dette let seg realisere innan fristen. Det må ein sikra.

## **Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 27.02.2026**

### **Røysting**

Klakegg sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Begge tomtealternativa vil kunne fungere godt for fagskulen i Bergen.
2. Fagskulestyret vil likevel peike på alternativet med tomte på Kronstad som det føretrakte alternativet. Denne tomte vil gje gode synergjar med tanke på felles lab og simuleringsfasilitetar med HVL. Den vil kunne skape eit enda tettare samarbeid både fagleg, pedagogisk og administrativt med HVL. Begge institusjonane står overfor store organisatoriske endringar. HVL skal verte universitet medan fagskulen skal tilby utdanningar på høgare og meir komplekse nivå enn før, skal få større autonomi og jobbe meir internasjonalt. Eit tett samarbeid mellom institusjonane vil realiserast best gjennom felles bygg og jamleg samhandling, og vil bidra til at begge institusjonane lukkast betre i Bergen enn i dag. Det vil også ha ein tydeleg meirverdi for det verdiskapande arbeidsliv i Bergen.
3. Fagskulestyret er opptatt av studentvelferd og ei lokalisering på Kronstad vil gje studentane ved fagskulen enklare tilgang til Sammen sine tilbod, t.d. kantine, treningsfasilitetar og helsetenester.
4. Når det gjeld tidshorisont, så vil fagskulestyret peike på at Bergen kommune si overtaking av studiestad Nordnes er sett til 31.12.2032. Det betyr at ved val av alternativ må ein vere trygg på at dette let seg realisere innan fristen. Det må ein sikra.

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	<b>Styret for Fagskolen Vestland</b>
<b>Møtestad:</b>	Nettmøte
<b>Dato:</b>	07.04.2026
<b>Tid:</b>	Kl. 14:00 – 14:25

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Leiar	Eigar (Sp)
Tora Hodneland Kildehaug	Medlem	Eigar (H)
Gustav Bahun	Medlem	Eigar (FrP)
Bård Sandal	Medlem	Eigar (Adm.)
Wenny Irene Hansen	Medlem	Arbeidsliv (NHO)
Nils Petter Støyva	Medlem	Arbeidsliv (LO)
Trond Vedvik	Medlem	Tilsette
Leon Gaebpie Jensen	Medlem	Studentar

**Følgjande faste medlemmer melde forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Karianne Alette Torvanger	Nestleiar	Eigar (Ap)
Bjørn Lyngedal	Medlem	Eigar (Adm.)

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Vara for	Representerer
Tor Ivar Sagen Sandvik	Lyngedal	Eigar (Adm.)

**Følgjande varamedlemmer melde forfall:**

Namn	Vara for	Representerer
Jon Olav Økland	Torvanger	Eigar (KrF)

---

**Merknader**

Ekstraordinært styremøte.

---

**Følgjande frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Rektor
Eilert Årseth	Prorektor for utdanning
Ingrid Fagerheim Sættem	Rådgjevar/møtesekretær

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off</b>
GK 03/26	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	

### **Vedtaksaker**

VS 05/26	Årsrekneskap 2025, prosjekt 2025 og budsjett 2026	2022/486	
VS 06/26	Årsmelding 2025 for Fagskulen Vestland	2022/486	

### **Eventuelt**

## **Godkjenningssaker**

### **GK 03/26 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 07.04.2026

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

### **Habilitet**

Ingen av medlemmene vart vurdert som ugild.

## **Vedtaksaker**

### **VS 05/26 Årsrekneskap 2025, prosjekt 2025 og budsjett 2026**

Forslag til vedtak

1. Styret tek årsrekneskap for 2025 til orientering, og vedtek budsjett for 2026 som det kjem fram av saka.

### **Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 07.04.2026**

#### **Røysting**

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Styret tek årsrekneskap for 2025 til orientering, og vedtek budsjett for 2026 som det kjem fram av saka.

## **VS 06/26 Årsmelding 2025 for Fagskulen Vestland**

### **Forslag til vedtak**

1. Årsmelding 2025 for Fagskulen Vestland vert teke til orientering og sendt til skuleeigar.

## **Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 07.04.2026**

### **Røysting**

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Årsmelding 2025 for Fagskulen Vestland vert teke til orientering og sendt til skuleeigar.

---

Saksnr: 2022/486-257  
Saksbehandlar Ingrid Fagerheim Sættem  
Dato: 15.04.2026

---

---

**Til:** Styret for Fagskulen Vestland

---

**Frå:** Rektor

---

## Val av arbeidslivsrepresentantar til styret for Fagskulen Vestland

Hausten 2023 gjennomførte fylkestinget val til styret for Fagskulen Vestland for perioden 2023-2027. Av fagskulestyret sine vedtekter går det fram at arbeidslivsrepresentantane i styret vert valt for to år av gongen. Ved ein inkurie vart ikkje styresamansetjinga gjennomgått på ny hausten 2025.

I tråd med fagskulestyret sine vedtekter har fylkesdirektøren innhenta forslag til arbeidslivsrepresentantar og varamedlem frå NHO og LO. På bakgrunn av dei innhenta forslaga vart det i møte 24. - 25. mars 2026 lagt fram sak for fylkestinget om *nyval* av styremedlem frå NHO og varamedlem frå LO. I tillegg vart det lagt fram sak for fylkesutvalet i møte 19. mars 2026 om *forlenging* av valperioden til styremedlemmen frå LO. Ifølgje styrevedtektene ligg myndet til nyval av styreverv hjå fylkestinget, og myndet til forlenging av styreverv hjå fylkesutvalet, jf. § 1-2.

Forslaga til fylkesdirektøren vart samrøystes vedteke av fylkestinget og fylkesutvalet. Funksjonstida til arbeidslivsrepresentantane vil følgje fylkestingperioden, og ny periode vil derfor vere 2025-2027.

### Vedtak i fylkestinget (vedlegg 1):

*Fylkestinget gjer slikt val av ny representant frå arbeidslivet til fagskulestyret: Wenny Irene Hansen (NHO)*

*Fylkestinget gjer slikt val av ny vararepresentant frå arbeidslivet til fagskulestyret: Emilie Braaten Mjøs (LO)*

### Vedtak i fylkesutvalet (vedlegg 2):

*Fylkesutvalet gjer slik forlenging av valperiode til arbeidslivsrepresentant frå LO til styret for Fagskulen Vestland: Nils Petter Støyva*

### Vedlegg

- 1 Saksprotokoll fylkestinget
- 2 Saksprotokoll fylkesutvalet

## Saksprotokoll i Fylkestinget - 25.03.2026

### Avrøysting

Det vart 64 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

#### Hovudutval for kultur, idrett og inkludering

Fylkestinget gjer slikt val av nytt varamedlem nr. 1 til hovudutval for kultur, idrett og inkludering for gruppa Pensjonistpartiet: Grethe Irene F. Hæggernæs

#### Valnemnda

Fylkestinget gjer slikt val av nytt varamedlem nr. 1 til valnemnda for gruppa Pensjonistpartiet: Grethe Irene F. Hæggernæs

Fylkestinget gjer slikt val av nytt varamedlem nr. 3 til valnemnda for gruppa Bergenslisten: Richard Hjeltestad

#### Fylkeseldrerådet

Fylkestinget gjer slikt val av nytt medlem til fylkeseldrerådet for gruppa Pensjonistpartiet: Grethe Irene F. Hæggernæs

Tredje vara: Helge Monsen

Fylkestinget gjer slikt val av nytt medlem til fylkeseldrerådet for gruppa Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane, Pensjonistforbundet Hordaland, Senior Norge, Radøy Pensjonistlag: Jan Ryste

#### Fagskulestyret

Fylkestinget gjer slikt val av ny representant frå arbeidslivet til fagskulestyret: Wenny Irene Hansen (NHO)

Fylkestinget gjer slikt val av ny vararepresentant frå arbeidslivet til fagskulestyret: Emilie Braaten Mjøs (LO)

## **Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 19.03.2026**

### **Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet gjer slik forlenging av valperiode til arbeidslivsrepresentant frå LO til styret for Fagskulen Vestland: Nils Petter Støyva.

---

Saksnr:	2022/486-262
Saksbehandlar	Torbjørn Mjelstad
Dato:	15.04.2026

---

---

**Til:** Styret for Fagskulen Vestland

---

**Frå:** Rektor

---

## Fagskulen Vestland ønskjer å verte institusjonsakkreditert

I samband med at Regjeringa har opna opp for at fagskular kan verte institusjonsakkreditert, har NOKUT hatt ute en «uoffisiell» kartlegging av kor mange fagskular dette er aktuelt for. NOKUT har planar om og opne søknadsportalen i løpet av januar 2027. I forkant av ei slik søknad ønskjer NOKUT å gjere eit tilsyn ved dei aktuelle institusjonane. Dette vil skje i løpet av hausten 2026.

Rektor har meldt at Fagskulen Vestland ønskjer å starte prosess med å verte institusjonsakkreditert i løpet av våren 2027. Rektor har hatt møte med NOKUT og dei meldar at det er ti fagskular som ønskjer å starte prosess. NOKUT kjem til å plukke ut fire av desse som får gå vidare i fyste omgang. Årsaka til dette er kapasitet hjå NOKUT.

Fagskulen Vestland har pr i dag to fagområdefullmaktar og har søkt om ein til. Styret vil sjølv sagt verte involvert dersom ein kjem i posisjon til å søkje. Rektor meiner at Fagskulen Vestland er godt rusta til å handtere desse nye og meir omfattande fullmaktene og det vil og ha stor nytteverdi for det verdiskapande arbeidslivet i regionen vår.

### Vedlegg

1 Telefonnotat om institusjonsakkrediteringsløp

# Notat

Til:

Fra: Gry Ulvedalen

Kopi: Elin Bakke / Avdeling for høyere yrkesfaglig utdanning,  
Anna Svele / Avdeling for høyere yrkesfaglig utdanning

Vår ref: 26/00637-16

Dato: 09.04.2026

## Telefonnotat – avklaringer om institusjonsakkrediteringsløp Fagskolen Vestland

Sak: Institusjonsakkreditering av fagskoler

Dato: 09.04.2026

Parter: NOKUT v/ avdelingsdirektør Gry Ulvedalen – Fagskolen Vestland v/ rektor Torbjørn Melstad

Fagskolen har meldt til NOKUT at den planlegger å søke institusjonsakkreditering. Samtalen ble gjennomført for å avklare ambisjon og sentrale forutsetninger for et eventuelt institusjonsakkrediteringsløp, herunder krav om tilsyn med kvalitetsarbeid. Det ble presisert at samtalen ikke utgjør en vurdering eller forhåndsgodkjenning.

Fagskolen opplyser at institusjonsakkreditering er et strategisk vedtatt mål, med tentativ plan om å sende søknad tidlig vår 2027. Skolen ble orientert om at NOKUT tar sikte på å kunne motta søknader om institusjonsakkreditering fra 2027, og at tilsyn med kvalitetsarbeid er en forutsetning for behandling av søknad.

Det ble videre presisert at det ikke er tilstrekkelig at et tilsyn kun er gjennomført, men at kvalitetsarbeidet også må være vurdert som tilfredsstillende. Det ble orientert om at prioritering av hvilke skoler som tas inn i tilsynsrundene vil baseres på klare og etterprøvbare kriterier.

Skolen beskriver kvalitetssystemet som godt forankret i virksomheten, stabilt over tid og ikke under større omlegging. Rektor opplyser at skolen over tid har forberedt seg målrettet på institusjonsakkreditering, og viser i den forbindelse til at skolen er den største maritime fagskolen i landet. Videre opplyses det at skolens maritime utdanninger er gjenstand for regelmessig ekstern revisjon, herunder periodisk revisjon fra Sjøfartsdirektoratet samt årlige revisjoner fra DNV. Rektor fremhever også et systematisk fokus på intern revisjon av alle utdanninger. Skolens egen vurdering er at kvalitetssystemet er på et nivå som tilsier at skolen er klar for tilsyn.

Fra NOKUT ble det presisert at tilsyn bør gjennomføres først når kvalitetsarbeidet er tilstrekkelig systematisk og forankret, og at et tilsyn som gjennomføres på et for tidlig tidspunkt kan være uheldig for videre institusjonsakkrediteringsløp. Videre dialog og oppfølging avklares i løpet av mai 2026.

---

Saksnr: 2022/486-264  
Saksbehandlar Torbjørn Mjelstad  
Dato: 15.04.2026

---

---

**Til:** Styret for Fagskulen Vestland

---

**Frå:** Rektor

---

## Innspel til arbeidet med nye nivåskildringar

I samband med St. 11 (2024-2025) Fagfolk for en ny tid, har Stortinget vedtatt at det skal bli mogelegheit for fagskulane å tilbyr meir avansert opplæring. Det er vedtatt at det skal innførast ein ny yrkesfagleg søyle i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR).

Med auka kompetansekrav i arbeidslivet må fleire lære meir gjennom heile yrkeslivet, og fleire må kunne få meir avansert kompetanse. Den nye yrkesfagleg søyle skal utviklast slik at fagskulane skal få moglegheit til å tilby utdanningar som ligg på nivå seks og sju i NKR tilsvarande kompleksitet nivå seks og sju i den akademiske søyle.

Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse (HK-dir) har fått i oppdrag å utarbeide reviderte nivå beskrivelse av nivå fem i NKR og nye nivåbeskrivelser av dei nye nivåa på seks og sju i NKR. HK-dir har hatt dialogmøte med aktørar i sektoren (Bergen, Trondheim og Tromsø i løpet av mars) og bedt om innspel til vidare arbeid. HK-dir skal levere forslag til Kunnskapsdepartementet innan januar 2027.

Fagskulen Vestland har levert innspel til dette arbeidet. Det vil bli fleire rundar med høyringar kring dette arbeidet og Fagskulen Vestland vil spele inn i desse rundane. Innspela til fagskulen ligg vedlagt saken.

### Vedlegg

1 Innspel frå Fagskulen Vestland

### **1. Hvilke utfordringer opplever dere med dagens nivåbeskrivelser i NKR, og hvordan kan disse forbedres i reviderte beskrivelser?**

Den største utfordringa med dagens NKR er at det er eit kvalifikasjonsrammeverk basert på kva type utdanningsinstitusjon ein har. I høve til nivå 5 er det også ei utfordring av nivået, spesielt nivå 5.1 er lågt samanlikna med verkelegheita med omsyn til kompetanse- og ferdigheitsnivået som kandidatane har etter fullført utdanning. Dette vert særleg tydeleg når ein samanliknar NKR nivå 5 med EQF nivå 5. Framtidig NKR må fokusere på kandidaten (individfokus) sitt ferdigheitsnivå.

T.d. bør det kome fram kva ansvar ein kandidat kan ta på seg etter fullført utdanning, slik som EQF gjer (generell kompetanse i NKR vs. ansvarlegheit og sjølvstende i EQF).

NKR nivå 5 og vidare må også ta utgangspunkt i at nivå 4a og 4b er likeverdige. Det bør ikkje vere slik at 4a berre gjer det mogleg å starte ein nivå 5 utdanning, medan 4b gjer det mogleg å starte på ein nivå 6 utdanning. Vi meiner kandidatar med eit fagbrev, har tilstrekkeleg med grunnkompetanse til å starte ei utdanning på nivå 6 ved ei høgare yrkesfagleg utdanning. Kandidatar på nivå 4a er yrkesførebygg, medan kandidatar på nivå 4b er studieførebygg.

Oppdelinga av nivå 5 og 6 er ikkje høveleg, og vi er einig med at delnivåa må opphevast.

### **2. Hvordan bruker ulike fagmiljøer ved utdanningsinstitusjonen nivåbeskrivelsene i NKR når de utvikler læringsutbyttebeskrivelser for konkrete utdanninger?**

Nivåomtalene i NKR vert nytta når fagmiljø, saman med arbeidslivet svarar ut kompetansebehovet i utforminga av ei utdanning. Det vert også nytta i samband med undervisninga, i høve til kva studentane skal lære, og kompetanse dei skal ha etter fullført utdanning. Omtalene vert også nytta i samanheng med vurdering.

### **3. Hva skal til for at nivåbeskrivelsene gjenspeiler arbeidslivets kompetansebehov?**

Som nemnd under punkt 4 må NKR tydeleg vise kva kompetanse- og ferdigheitsnivå kandidaten har oppnådd gjennom utdanning. Dette vil i stor grad gje arbeidsgivarar ei forståing av kva kandidaten kan, uavhengig av utdanning og utdanningstype (yrkesfagleg eller akademisk). Utdanningsinstitusjonane må sjølv ta ansvar for å utforme læringsutbyttet i utdanningane slik at dei gjenspeiler innhaldet i utdanninga og yrket dei skal utøve.

Ein bør også gå tilbake til EQF og sjå til at NKR er på same nivå som EQF i høve til nivå 5, der det ser ut til at NKR har lagt seg på eit lågare nivå.

### **4. Hvordan kan forskjellene mellom nivåbeskrivelsene i de to søylene uttrykkes på en måte som både ivaretar utdanningenes egenart og sikrer godt samsvar mellom søylene?**

I handsaminga av stortingsmeldinga Fagfolk for en ny tid, er det bestemt at det skal vere to søyler i NKR. Ideelt sett bør NKR utformast uavhengig av om det er retta mot yrkesfagleg eller akademisk utdanning. Det som bør skilje utdanningstypene er lovverket, fagskulelova og UH-lova mm.

Basert på dette, og fordi det er valt ein to-søylestruktur, meiner vi at dei to søylene må harmoniserast så mykje som mogleg, slik at det er små skilnader i innhald. Om ein ser til EQF vert omgrepet «arbeids- eller studiefelt» nytta og ein kan vurdere om skilje skal gå mellom slike omgrep. Då vert også søylene likeverdige i kompleksitet men med eit arbeids og praksisbasert utgangspunkt.

Om ein lagar eit NKR for yrkesutdanninga som skil seg totalt frå dei akademiske utdanningane, fryktar me at det vert meir krevjande å forstå nivå på tvers av utdanningstypar, og overgangsordningar mellom søylene vil verte vanskeleggjort. For arbeidslivet vil det også gjerne vere krevjande og måtte forhalda seg til to ulike typar omtalar.

**Saksnr:** 2022/486-263

**Saksbehandlar** Hege Fjeld

**Dato:** 17.04.2026

**Til:** Styret for Fagskulen Vestland

**Frå:** Rektor

## Utviklingsmidlar til høgare yrkesfagleg utdanning

Regjeringa har tildelt 80 millionar kroner til 17 fagskular over heile landet, gjennom tilskotsordninga *Utviklingsmidlar til høgare yrkesfagleg utdanning*. Ordninga er forvalta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) og skal styrke kvalitetsutvikling i fagskulesektoren. Fagskulen Vestland er blant skulane som har fått flest midlar, både i kroner og talet på prosjekt; nærare 12,5 millionar kroner til 7 ulike prosjekt.

### Søknadar og tildeling

Ved søknadsfristen i januar i år hadde Fagskulen sendt inn 8 søknader med ein samla søknadssum på 13,5 millionar kroner. Ein søknad ble avslått og to av prosjekta fekk redusert tildeling. Sjå oversikta under.

Tittel prosjekt-søknad	Avdeling	Type prosjekt	Søknad HK-dir, NOK	Eigen-finansiering, NOK	Samla budsjett, NOK	TILDELING FRA HK-DIR	Kommentar
Pedagogisk plattform for Fagskulen Vestland	Alle (Helse og Elektro, Nordnes)	Kompetanseheving	4 450 000	1 000 000	5 450 000	<b>4 041 000</b>	Delvis innvilga: Kutt i personalkostnader.
Drone-operatør i landbruk og redning	Elektro og maskin, Førde	Ny utdanning	962 700	415 000	1 377 700	<b>962 700</b>	Fullt innvilga
Simuleringsrom innan helse	Helse- og oppvekst	Innkjøp av utstyr	2 450 000	1 050 000	3 500 000	<b>2 450 000</b>	Fullt innvilga
Lærar-kompetanse og undervisningsopplegg i maritim radio	Maritim, Nygård	Kompetanseheving	590 000	210 000	800 000	<b>0</b>	Avslag : prosjektet handlar i større grad om utvikling av undervisning enn om kompetanseheving.
Trefase-separator	Maskin/prosess, Nordnes	Innkjøp av utstyr	1 872 500	802 500	2 675 000	<b>1 872 500</b>	Fullt innvilga
Program for student-mobilitet	Stab/adm	Internasjonalisering	1 750 000	750 000	2 500 000	<b>1 750 000</b>	Fullt innvilga

Rettleiing av lærlingar - psykisk helse i arbeidslivet	Helse- og oppvekst	Ny utdanning	430 000	150 000	580 000	<b>407 824</b>	Delvis innvilga: kutt i timesats, honorar og reiser
Pedagogisk kompetanseheving av maritime lærarar	Maritim, Nygård, Austevoll og Måløy	Kompetanseheving	1 000 000	450 000	1 450 000	<b>1 000 000</b>	Fullt innvilga
SUM			13 505 200	4 827 500	18 332 700	<b>12 484 024</b>	

### Kort om prosjekta

Dei 7 prosjekta som no startar opp spennar frå utvikling av nye utdanningstilbod og investering i moderne undervisningsutstyr, til kompetanseheving av lærarar og styrking av internasjonalt samarbeid.

Blant dei nye satsingane er ei ny utdanning for droneoperatørar retta mot landbruk og beredskap som skal etablerast i Førde, samt eit studiepoenggivande tilbod i rettleiing av lærlingar som helseavdelinga på Nordnes skal ha ansvar for. Begge utdanningane skal bli utvikla i tett samarbeid med arbeidslivet og svarar på konkrete behov for meir spesialisert kompetanse.

Skulen får òg midlar til investering i utstyr som styrkjer den praksisnære undervisninga. Vi skal kjøpe ein trefaseseparator til utdanningar i prosesssteknikk, og vi skal etablere ein moderne simuleringslab for helseutdanningane våre, som og kan brukast innanfor andre utdanningar.

Vidare omfattar tildelinga praktisk-pedagogisk kompetanseheving for lærarar ved alle våre maritime studiestadar, samt utvikling av ei felles pedagogisk plattform for heile Fagskulen Vestland. Plattformprosjektet skal styrkje kvalitet, samanheng og berekraft i dei mange nett- og fleksible studietilboda, og leggje til rette for systematisk deling av god pedagogisk praksis.

Det sjuande prosjektet handlar om å utvikle eit nytt program for studentmobilitet som gir studentane våre moglegheit til å få internasjonal erfaring. Dette er særleg viktig i eit stadig meir globalisert arbeidsliv, der slik kompetanse blir stadig meir etterspurd.

### Vurdering

Dei siste åra har Fagskulen Vestland lagt ned mykje arbeid i prosjektutvikling og søknadsskriving. Det jobbast godt i og på tvers av avdelingar, og vi har laga ein god rutine på å jobbe fram dei gode initiativa. Vi ser at det lønar seg. Dei siste åra har vi fått god uttelling på prosjektsida, og medrekna dei 11 nye prosjekta som fekk støtte frå Bransjeprogrammet nyleg, har vi per i dag 52 små og større prosjekt gåande på Fagskulen Vestland.

---

**Saksnr:** 2022/486-265  
**Saksbehandlar** Lars Arne Førde  
**Dato:** 17.04.2026
 

---



---

**Til:** Styret for Fagskulen Vestland
 

---

**Frå:** Rektor
 

---

## Rekneskap 1. kvartal 2026

Det er førebels ikkje indikasjonar på at Fagskulen Vestland ikkje vil gå i balanse eller betre.

<b>Regnskap:</b>			
	<b>Regnskap 1 kv 26</b>	<b>Budsjett 1 kv 26</b>	
Tilskott (statleg)	86 866 000	45 914 628	1)
Tilskott (VLFK)	5 539 094	5 539 094	
Studieavgift	3 522 100	1 724 310	1)
Administrasjon og leing	(6 832 068)	(9 299 746)	1)
Undervisning inkl undervisningsleiare	(38 497 133)	(44 199 490)	1)
Overført til investeringar	-	-	
Oppdragsverksemd	(334 406)	321 204	2)
<b>Prosjekt i arbeid:</b>			
Overført frå bundne fond			- 3)
Endring i prosjekter i arbeid			- 3)
Overført til bundne fond			- 3)
<b>Mindreforbruk</b>	<b>50 263 587</b>	<b>-</b>	
<b>Investeringsrekneskap (både drift og prosjekter):</b>			
	<b>Regnskap 1 kv 26</b>	<b>Budsjett 1 kv 26</b>	
Investeringsmidlar (tilskott VLFK)	-	919 000	
Investeringar	458 625	-	
<b>Totalsum investeringar (drift og prosjekter) - både undervisning og administrasjon</b>	<b>458 625</b>	<b>919 000</b>	
<b>Kommentarar:</b>			
1) Ulik periodisering mellom regnskap og budsjett			
2) Fakturering ikkje foretatt			
3) Budsjett er ikkje lagt inn i Visma. Prosjektoppføljing skjer mot budsjett fastsatt/gjeve av ekstern oppdragsgjevar.			
Forventning om at prosjekter går i balanse eller pluss.			

---

**Saksnr:** 2022/486-267  
**Saksbehandlar** Torbjørn Mjelstad  
**Dato:** 20.04.2026

---

---

**Til:** Styret for Fagskulen Vestland

---

**Frå:** Rektor

---

## Bruk av funksjonar ved Fagskulen Vestland

### Svar på spørsmål frå tilsettrepresentant i styret

I samband med styremøtet 27.02.2026 stilte representanten Vedvik spørsmål om kvifor det er ulik praksis ved Fagskulen Vestland når det gjeld bruk av funksjonar.

### Kva styret har vedtatt

Styret for Fagskulen Vestland vedtok i sak **VS 10/25 (07.03.2025)** kva funksjonar skulen *kan* nytte seg av:

studentkontaktlærar/klassekoordinator, fagkoordinator, e-pedagog, verkstadsansvarleg, teamleiar og rådgjevar.

Vedtaket inneber ikkje eit krav om at alle funksjonar skal vere nytta likt ved alle utdanningar eller avdelingar, men fastset ramma for kva funksjonar som er tilgjengelege for skulen.

### Kvifor praksis er ulik

Årsaka til at funksjonane vert nytta ulikt ved Fagskulen Vestland, er at:

- utdanningane har ulike studentgrupper og ulik storleik
- det er ulik organisering av undervisningsformer (samlingsbasert, nettbasert, verkstad/lab, maritime fag m.m.)
- utdanningane har ulike faglege, administrative og studentretta behov

Dette er eit medvite val, og i samsvar med saksframlegget, der det blir lagt vekt på at fagmiljøa, saman med utdanningsleiar, vurderer kva funksjonar den enkelte utdanning har behov for, og korleis dei skal innrettast lokalt.

### **Funksjonane sitt formål**

Formålet med funksjonane er å:

- ivareta studentane sitt behov for oppfølging, læringsmiljø og tilrettelegging
- støtte studentane sitt læringsarbeid, både fagleg og menneskeleg
- avlaste utdanningsleiar og styrkje kvaliteten i utdanningane

Funksjonane er i hovudsak studentretta eller faglege funksjonar som ikkje skal vere like overalt.

### **Om studentkontaktlærar**

Det har vore ei feiltolking av styrevedtaket knytt til studentkontaktlærar, der vedtaket i nokre tilfelle er forstått som eit «skal-krav».

Dette er ikkje rektor si forståing, og heller ikkje intensjonen i saka.

Styret har vedtatt at studentkontaktlærar er ein funksjon skulen *kan* nytte, men det er lagt til grunn at utdanningane vurderer om desse oppgåvene kan løysast gjennom andre funksjonar eller organiseringar, basert på lokale behov.

### **Samla vurdering**

Ulik bruk av funksjonar ved Fagskulen Vestland er:

- i tråd med styret sitt vedtak
- i samsvar med saksframlegget
- grunngitt i reelle skilnader mellom utdanningar, studentgrupper og undervisningsformer

Dette gir naudsynt fleksibilitet for å sikre at studentane vert best mogleg ivaretekne, samstundes som skulen kan utvikle seg i takt med arbeidslivet sine behov og sektoren sine rammevilkår.

Det er sett av to millionar i årets budsjett til funksjonar desse er fordelt på utdanningane etter studenttal. Det er også sett av 400 % tidsressurs til funksjonane, desse vert også fordelt på utdanningane etter studenttal. På denne måten ønskjer rektor at utdanningane sjølv kan styre kva dei treng av funksjonar i tråd med fagskulestyret sitt vedtak.

*Denne saka er skrive med hjelp frå Mimir.*

---

**Saksnr:** 2022/486-266  
**Saksbehandlar:** Lars Arne Førde

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 07/26	27.04.2026

## Tilbudsstruktur for skuleåret 2026/2027

Forslag til vedtak

1. Følgjande tilbod vert starta opp skuleåret 2026/27:

	Fagskulen i Vestland	Student- plassar
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N, 120 stp	40
Nordnes	Bygg FTB01H, 120 stp	30
Nordnes	Bygg FTB01N, 120 stp	80
Nordnes	Industriell automatisering FTE01N, 120 stp	80
Nordnes	Elkraft FTE03H, 120 stp	30
Nordnes	Elkraft FTE03N, 120 stp	120
Nordnes	Robotteknologi, digitalisering og additiv tilvirkning FTT86K, 30 stp	30
Nordnes	Energioverføring og høyspenningsteknologi KTE86K, 30 stp	30
Nordnes	Maskinteknikk FTT04H, 120 stp	30
Nordnes	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	80
Nordnes	Prosessteknikk FTK01N, 120 stp	40
Nordnes	Prosessteknikk FTK01N, 120 stp	30
Nordnes	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D, 60 stp	30
Nordnes	Barn og unge psykisk helse, 60 stp	30
Nordnes	Akutt og kronisk sjuk - observasjon - vurdering og handtering, 60 stp	30
Førde	Anlegg FTB02N, 120 stp	30
Førde	Automatisering FTE01N, 120 stp	15
Førde	Bygg FTB01N, 120 stp	30
Førde	BIM-tekniker FTI53N, 60 stp	40
Førde	Bygningssakkyndig FTB58N, 120 stp	40
Førde	Elkraft FTE13N, 120 stp	30
Førde	Elkraft FTE03N, 120 stp	30
Førde	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	30
Førde	Energieffektivisering og automasjon i bygg, 40 stp	30
Nygård	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	30
Nygård	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	30
Nygård	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	30
Nygård	Boring FTP01H, 120 stp	30
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	30
Austevoll	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N, 30 stp	30
Måløy	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	18
Måløy	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	18
Måløy	Leing i havbruksoperasjonar FPH06K, 60 stp	15
Hjeltnes	Arborist FPS01D, 60 stp	15
Hjeltnes	Lokal matkultur FTK51N, 120 stp	20
Hjeltnes	Pommelier FTK59K, 30 stp	20
Voss	Anlegg FTB02N, 120 stp	30
	<b>Totalt</b>	<b>1301</b>

## Samandrag

I denne saka vert det lagt fram forslag til tilbodsstruktur for Fagskulen Vestland skuleåret 2026/27. Styret handsama i møte 24. oktober 2025 sak om mellombels tilbodsstruktur og vedtok kva tilbod som skulle lysast ut gjennom Samordna opptak våren 2026. Frist for å søkje utdanning gjennom Samordna opptak var 15. april, og innan 5. mai må styret ha vedteke kva tilbod som skal starte opp. Det er ikkje mogleg å trekke tilbod etter denne datoen. For skuleåret 2026/2027 vil rektor tilrå at det totale tilbodet, i høve til kva som vart lyst ut, vert redusert med 6 tilbod. Det blir også lagt opp til auka dimensjonering av 2 studie.

Torbjørn Mjelstad  
rektor

Lars Arne Førde  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I denne saka vert det lagt fram forslag til tilbodsstruktur for Fagskulen Vestland skuleåret 2026/27. Styret handsama i møte 24. oktober 2025 sak om mellombels tilbodsstruktur og vedtok kva tilbod som skulle lysast ut gjennom Samordna opptak våren 2026. Frist for å søkje utdanning gjennom Samordna opptak var 15. april, og innan 5. mai må styret ha vedteke kva tilbod som skal starte opp. Det er ikkje mogleg å trekke tilbod etter denne datoen.

Det er eit stort tal på søknadar som skal handsamast, og fristane er korte fram til styret må ta stilling til kva tilbod som skal starte. Dette gjer at administrasjonen i hovudsak må vurdere kva tilbod som har tilstrekkeleg med søkjarar på bakgrunn av talet på primærsøkjarar, det vil sei søkjarar som har ei utdanning ved Fagskulen Vestland som første val. Talet på primærsøkjarar seier ikkje noko om søkjarane er kvalifiserte, men vi undersøker om det er tilstrekkeleg med kvalifiserte søkjarar dersom det er eit tilbod som har låge søkjartal, og der ein må vurdere om talet er høgt nok for å starte opp.

I denne saka vert det ikkje vist talet på søkjarar våren 2026, fordi Samordna opptak har ein sperrefrist på publisering av tala fram til 23. april kl. 10.00. Styret vil få informasjon om søkjartal for å kunne sjå vurderingane som er gjort. Søkjartala frå våren 2025 vil bli vist i saka som samanlikningsgrunnlag for årets opptak.

I saka vert det vist forslag til kva tilbod som rektor vil tilrå å starte opp hausten 2026 basert på følgjande prinsipp:

- Søkjartal
- Økonomi
- Infrastruktur
- Tilgjengeleg personell
- Eigenskap ved utdanninga (t.d. einaste tilbod ved fagskulen eller i landet)
- Studiestaden sine prioriteringar knytt til ressursituasjon

Prinsippa har ikkje ein prioritert rekkjefølgje men inngår i ei heilskapleg vurdering om det er tilrådd å starta opp dei einskilde tilboda.

**Ramme til fordeling skuleåret 2026/27:**

Ramma for fagskulen i 2026 er som følgjer:

	<b>2026</b>
Statleg tilskot	173 732 000
Statleg tilskot – nye studieplassar H 26	6 500 000
Statleg tilskot (midlertidige studiar)	3 500 000
<b>Sum statleg tilskot</b>	<b>183 732 000</b>
Fylkeskommunalt tilskot	12 415 000
Anna: Studieavgift	6 900 000
Anna: oppdragsverksemd (overskott)	1 285 326
<b>Total finansiering</b>	<b>204 332 326</b>

Basert på ramma i tabellen over er det totalt 204,3 mill. til drift av fagskulen i 2026. Denne ramma skal dekke administrasjon, leing og undervisning.

I fortsettinga vert det vist forslag til tilbodsstruktur for skuleåret 2026/27.

**Forslag til tilbodsstruktur skuleåret 2026/27**

Først vert det vist ei overordna struktur for Fagskulen Vestland, og deretter vert det vist forslag til tilbodsstruktur for dei einskilde studiestadene.

**Overordna tilbodsstruktur**

SUMMERT	Søkartal 2025	1. klasse	2. klasse	3. klasse	Sum studentar	Kostnad
Nordnes	780	710	393	230	1 333	57 994 099
Førde	252	275	149	117	541	23 091 549
Stord	51	-	53	-	53	3 289 894
Nygård	225	120	84	-	204	13 155 180
Austevoll	40	60	26	-	86	4 721 005
Måløy	45	51	41	-	92	9 017 850
Hjeltnes	105	55	7	4	66	3 758 789
Voss	42	30	25	18	73	3 482 935
<b>Fagskule n Vestland</b>	<b>1 540</b>	<b>1 301</b>	<b>778</b>	<b>369</b>	<b>2 448</b>	<b>118 490 860</b>

Overordna tilbodsstruktur syner at det vert føreslått tilbod om totalt 1 301 studieplassar hausten 2026. Vidare vert det vist at dersom alle studieplassane vert fylt opp, så vil det vere totalt 2 488 studentar skuleåret 2026/27. Kor mange som startar utdanning hausten 2026 vil nok bli lågare enn talet på ledige studieplassar, fordi nokre tilbod ikkje vil bli fylt heilt opp i høve til kapasitet i den einskilde klasse.

Den totale kostnaden jf. tabellen over er på om lag kr 120,8 mill., relatert til ein teoretisk ressursberekning innan undervisning. Utover dette kjem det ca. kr 38,5 mill. relatert til utdanning som ikkje går fram av tabell. Administrasjon og leing skal også dekkast av ramma.

Studentplassar markert med raudt er endring i høve til opphøveleg vedtak av styret i desember 2025.

## Studiestad Nordnes

	Fagskolen i Vedland	Søkjartal 2025	1. klasse	2. klasse	3. klasse	Sum studentar	Kostnad
Nordnes c	Klima, energi og miljø i bygg F1E03N, 120 stp	55	40	29	24	93	3 767 236
Nordnes c	Bygg FTB01H, 120 stp	64	30	20		50	3 500 570
Nordnes c	Bygg FTB01H, 120 stp			22		22	1 697 440
Nordnes c	Bygg FTB01N, 120 stp	68	80	47	38	166	7 250 191
Nordnes c	Industriell automatisering F1E01N, 120 stp	86	80	60	68	208	7 534 512
Nordnes c	Elkraft F1E03H, 120 stp	64	30	17		47	3 500 570
Nordnes c	Elkraft F1E03H, 120 stp			14		14	1 375 170
Nordnes c	Elkraft F1E03N, 120 stp	143	120	60	62	242	8 885 036
Nordnes c	Robotteknologi, digitalisering og additiv tilvirkning FTB6K, 30 stp		30			30	901 765
Nordnes c	Energioverføring og høyspenningsteknologi KTE96K, 30 stp		30			30	901 765
Nordnes c	Klassisk bygningshåndverk og restaurering FTB54D, 60 stp	26	0	13		13	689 585
Nordnes c	Maskinteknikk FT104H, 120 stp		30			30	1 803 530
Nordnes c	Maskinteknikk FT104N, 120 stp	87	80	25	20	125	5 036 092
Nordnes c	Maskinteknikk FT104N, 120 stp			20		20	1 208 365
Nordnes c	Prosessteknikk FTK01N, 120 stp	85	40	18	18	76	3 625 095
Nordnes c	Prosessteknikk FTK01N, 120 stp		30			30	1 803 530
Nordnes c	Demensomsorg og psykisk helsearbeid/eldre FHH47K, 30 stp	8	0	0		0	-
Nordnes c	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH65D, 60 stp	55	30	27		57	1 803 530
Nordnes c	Støttestyring og smittevern i helseinstitutt FHH96K, 60 stp	35	0	21		21	901 765
Nordnes c	Barn og unge psykisk helse, 60 stp		30			30	901 765
Nordnes c	Akutt og kronisk sjuk - obsesjon - vurdering og handtering, 60 stp		30			30	901 765
Nordnes c	Rehabilitering, hverdagsmestring og velferdsteknologi FHH83N, 60 stp		0			0	-

Det er gode søkjartal ved studiestad Nordnes. Fleire av dei tekniske utdanningane har ein god auke i søkjartala frå i fjor. Fagskolen slit framleis med å fylle opp plassane innan nokre av helsefaga. Demensomsorg og Rehabilitering vert føreslått ikkje starta pga låge søkjartal. Ved dei to nye utdanningane innan helse ser det langt lysare ut, og rektor er særns nøgd med at vi treffer marknaden godt med dei to ny utdanningane. Begge desse utdanningane fekk tilskott frå VLFK til nye studieplassar.

Vidare vert det på grunn av dei gode søkjartala foreslått å auke kapasiteten frå ein til to klassar ved maskinteknikk deltid, og auke kapasiteten i elkraft med ein klasse, slik at den utdanninga i år vert satt opp med tre klassar.

## Studiestad Førde

	Fagskolen i Vedland	Søkjartal 2025	Studen- plassar	2. klasse	3. klasse	Sum studentar	Kostnad
Førde	Anlegg FTB02N, 120 stp	36	30	23	25	78	3 554 015
Førde	Automatisering F1E01N, 120 stp		15	0	0	15	804 644
Førde	Bygg FTB01N, 120 stp	20	30	21	13	84	3 482 935
Førde	Bilteknikk FTB5N, 60 stp	35	40	21		61	1 909 620
Førde	Bygningsakkryndig FTB98N, 120 stp	42	40	23	26	89	3 696 176
Førde	Elkraft F1E13N, 120 stp	55	30	29	31	90	3 625 095
Førde	Elkraft F1E03N, 120 stp		30			30	1 208 365
Førde	Håndterkysling FPS19K, 60 stp	32	0	15		15	-
Førde	VVS og energiteknikk FTB4K, 120 stp		0	0	0	0	-
Førde	Maskinteknikk FT104N, 120 stp	21	30	17	22	69	3 482 935
Førde	Mjølkeproduksjon m/robot FPS10N, 60 stp		0			0	-
Førde	Grøn omstilling i byggenæringa FTB79K, 60 stp	7	0			0	-
Førde	Solenergi, 120 stp		0			0	-
Førde	Energieffektivisering og automasjon i bygg, 40 stp		30			30	1 208 365

Ved studiestad Førde vert det foreslått og ikkje starta Grøn omstilling i byggenæringa, solenergi og VVS og energiteknikk. Desse studia har for låge søkjartal. Maskinteknikk Førde har ein nedgang i søkjartala og har pr 15 april 12 søkjarar. Fagskolen har sjekka bakgrunn til søkjarane og alle er kvalifiserte. Rektor vil tilrå å starte utdanninga, sjølv om søkjartala er låge. Det er moglegheit for suppelingsopptak heilt fram til august og det er også moglegheit å slå nokre klassar saman slik at kostnadsbilete står i høve til tal studentar. Både elkraft og automasjon har gode søkjartal, vi aukar med ein klasse på elkraft, som Fagskolen har fått tilskot frå VLFK om nye studieplassar til og vi setter opp ein klasse med automasjon og aukar inntaket med 15 studentar. Desse utdanningane er viktig for den grønne omstillinga som Vestland skal gjennom dei kommande åra. Studiet Energieffektivisering og automasjon i bygg vi det verte gjennomført lokalt opptak, av di 40 studiepoeng ikkje passar i Samordna opptak sine rammar. Rektor vil komme attende med tal søkjarar når opptaket er gjennomført.

### Stuedstad Stord

	Fagskolen i Vedland	Søkartal 2025	Studentplassar	2. klasse	3. klasse	Sum studentar	Kostnad
Stord	Maskinteknikk - med ISO FTT65H, 120 stp	24	0	14		14	824 044
Stord	Maskinteknikk FTT04H, 120 stp, samling basert			18		18	1 137 285
Stord	Elektrif FTE03H, 120 stp	27	0	21		21	1 208 365
Stord	Robotteknologi og digital produksjon FT57H, 120 stp		0			0	-

Ved studiestad Stord har Fagskolen i samråd med arbeidslivet i Sunnhordland berre lagt ut ein utdanning, Robotteknologi og dataproduksjon. Det er berre åtte søkjarar. Fagskolen har vert i kontakt med miljøa på Stord og bedt dei undersøkje nærare kvifor det er så få søkjarar. Rektor vil i utgangspunkt ikkje tilrå å starte med mindre miljøet på Stord kan forplikte seg på å auke studenttalet med 8 til 10 studentar til. Det er viktig for Fagskolen at vi held utdanningstrykket oppe ved studiestaden og rektor meiner det kan vere klokt å strekkje seg langt for å halde trykke oppe. Men slik det er i dag er dette for usikkert. Av dei åtte søkjarane er fem kvalifiserte.

### Stuedstad Nygård

	Fagskolen i Vedland	Søkartal 2025	1. Klasse	2. klasse	3. klasse	Sum studentar	Kostnad
Nygård	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	68	30	27		57	3 819 240
Nygård	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	111	30	29		59	3 819 240
Nygård	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp		30			30	1 909 620
Nygård	Boring FIP01H, 120 stp	46	30	28		58	3 607 060

Det er framleis gode søkjartal ved studiestad Nygård. Fagskulestyret vedtok i oktober 25 å auke kapasiteten ved Dekksoffiser. Fagskolen har også fått tilskot til nye studieplassar til utdanninga frå VLFK. Søkjartala synar at dette var ein riktig satsing.

### Stuedstad Austevoll

	Fagskolen i Vedland	Søkartal 2025	1. Klasse	2. Klasse	3. Klasse	Sum studentar	Kostnad	Sum ressurs
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	26	30	26		56	3 819 240	3,80
Austevoll	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N, 30 stp	14	30			30	901 765	0,85

Ved Studiestad Austevoll er det ein nedgang i søkjartala frå i fjor på dekksoffiserutdanninga. Fagskolen er forberedt på at ein dobling av tilbodet på Nygård kan råke student tilstrøyminga til Austevoll. Rektor har bede miljøet ved Austevoll sjå på moglegheita til å endre utdanninga frå heiltid til deltid frå hausten 2027. Studiet Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse har ein kraftig auke i søkjartala. Det har vert gjort ein god jobb med å promotere denne utdanninga i næringslivet.

### Stuedstad Måløy

	Fagskolen i Vedland	Søkartal 2025	1. Klasse	2. klasse	3. klasse	Sum studentar	Kostnad
Måløy	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	27	18	17		35	3 819 240
Måløy	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	18	18	15		33	3 819 240
Måløy	Leiling i havbruksoperasjonar FPH06K, 60 stp		15	9		24	1 379 170

Ved studiestad Måløy er søkjartala lågare enn i fjor, men det er nok søkjarar til at alle utdanningane Fagskulestyret vedtok i oktober 2025 vert starta. Rektor har gitt same beskjed til Måløy som Austevoll, dei maritime utdanningane må vurderast gjerast om frå heiltid tid deltid frå hausten 2027.

### Stuedstad Hjeltne

	Fagskolen i Vedland	Søkartal 2025	1. Klasse	2. klasse	3. klasse	Sum studentar	Kostnad
Hjeltne	Arborist FPS01D, 60 stp	29	15			15	848 720
Hjeltne	Lokal matkultur FTK51N, 120 stp	22	20	0	4	24	2 061 320
Hjeltne	Pommarier FTK59K, 30 stp	34	20	0	0	20	848 720
Hjeltne	Gastronomisk reisativ FPR51K, 30 stp	20	0	7		7	-

Tilbudet Pommelier vart starta i januar 2026 og hadde gode søkjartal. Ved tilbudet Gastronomisk reiseliv er det ikkje tilstrekkeleg med søkjarar og rektor vil tilrå og ikkje starte tilbudet. Matkultur er i grenseland lågt men med 14 søkjarar så tilrå rektor at tilbudet vert starta. Det skal jobbast med supplerings fram til august 2026. Når det gjeld Arborist utdanninga så har det aldri vert så mange søkjarar. Studiet har over tre gongar så mange søkjarar som plassar.

### Stuðiestad Voss

	Fagskulen i Vedland	Søkjartal 2025	1. Klasse	2. Klasse	3. Klasse	Sum studentar	Kostnad
Voss	Anlegg F1B02N, 120 stp	42	30	25	18	73	3 482 935

Tilbudet Anlegg ved stuðiestad Voss har gode søkjartal og rektor vil tilrå å starte dette tilbudet hausten 2026 i tråd med kva som har vore lyst ut gjennom Samordna opptak.

### Vedtakskompetanse

Jf. Lov om høgere yrkesfaglig utdanning § 9 andre ledd er det styret for fagskulen som har kompetanse til å vedta tilbodsstruktur:

«Styret selv skal fatte vedtak om at det etter styrets skjønn er forsvarlig å ta opp nye studenter. Vedtaket skal fattast før stuðiestart.»

## Konklusjon

Basert på saksframlegget vil rektor tilrå at følgjande tilbod vert starta opp hausten 2026:

	<b>Fagskulen i Vestland</b>	<b>Student- plassar</b>
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N, 120 stp	40
Nordnes	Bygg FTB01H, 120 stp	30
Nordnes	Bygg FTB01N, 120 stp	80
Nordnes	Industriell automatisering FTE01N, 120 stp	80
Nordnes	Elkraft FTE03H, 120 stp	30
Nordnes	Elkraft FTE03N, 120 stp	120
Nordnes	Robotteknologi, digitalisering og additiv tilvirkning FTT86K, 30 stp	30
Nordnes	Energioverføring og høyspenningsteknologi KTE 86K, 30 stp	30
Nordnes	Maskinteknikk FTT04H, 120 stp	30
Nordnes	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	80
Nordnes	Prosessteknikk FTK01N, 120 stp	40
Nordnes	Prosessteknikk FTK01N, 120 stp	30
Nordnes	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D, 60 stp	30
Nordnes	Barn og unge psykisk helse, 60 stp	30
Nordnes	Akutt og kronisk sjuk - observasjon - vurdering og handtering, 60 stp	30
Førde	Anlegg FTB02N, 120 stp	30
Førde	Automatisering FTE01N, 120 stp	15
Førde	Bygg FTB01N, 120 stp	30
Førde	BIM-tekniker FTT53N, 60 stp	40
Førde	Bygningssakkyndig FTB58N, 120 stp	40
Førde	Elkraft FTE13N, 120 stp	30
Førde	Elkraft FTE03N, 120 stp	30
Førde	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	30
Førde	Energieffektivisering og automasjon i bygg, 40 stp	30
Nygård	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	30
Nygård	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	30
Nygård	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	30
Nygård	Boring FTP01H, 120 stp	30
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	30
Austevoll	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N, 30 stp	30
Måløy	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	18
Måløy	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	18
Måløy	Leiing i havbruksoperasjonar FPH06K, 60 stp	15
Hjeltnes	Arborist FPS01D, 60 stp	15
Hjeltnes	Lokal matkultur FTK51N, 120 stp	20
Hjeltnes	Pommelier FTK59K, 30 stp	20
Voss	Anlegg FTB02N, 120 stp	30
	<b>Totalt</b>	<b>1301</b>

Rektor vil gje utfyllande informasjon om søkjartala på styremøte .

---

**Saksnr:** 2022/486-268**Saksbehandlar:** Camilla Aasen

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 08/26	27.04.2026

## Ressurssituasjon ved avdeling for etter- og videreutdanning ved Fagskulen Vestland

### Forslag til vedtak

1. Styret tek informasjonen om ressurssituasjonen ved avdeling for Etter- og videreutdanning ved Fagskulen Vestland til orientering og ber om at administrasjonen iverkset tiltak som styrkar avdelinga med minst to årsverk. Styret forventar at tiltaka held seg innanfor EVU-avdelinga sine økonomiske rammer.

### Samandrag

Avdeling for Etter- og videreutdanning (EVU) ved Fagskulen Vestland har i dag 2,5 årsverk og har behov for at avdelinga vert styrka gjennom minst to nye årsverk. Årsaka er stor auke i aktivitet knytt til utvikling og gjennomføring av korte, fleksible utdanningstilbod under ordningane Industrifagskule og Bransjeprogram, samt auke i oppgåver knytt til prosjektleiing og utviklingsarbeid, støttefunksjonar for rektorat/stab/administrasjon og studieadministrasjon av lokale optak.

Eilert Årseth  
Prorektor utdanning

Camilla Aasen  
Spesialkonsulent

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Hausten 2024 vart det oppretta ei eiga EVU-avdeling ved Fagskulen Vestland som i dag består av 2,5 årsverk av mellombels karakter. Føremålet med avdelinga er å sette Fagskulen Vestland i stand til å møte staten og partane i arbeidslivet si satsing på fagskulesektoren og etter- og vidareutdanning. Avdelinga forvaltar mellom anna finansieringsordningane Industrifagskule og Bransjeprogram, som er ein viktig del av satsinga.

Avdelinga skal også profesjonalisere og strukturere prosjektleiing og utviklingsarbeid ved Fagskulen Vestland. EVU-avdelinga samarbeider tett med næringslivet, bransjeklynger og studiesenter. Avdelinga har også andre oppgåver knytt til kommunikasjon, studieadministrasjon av lokalt opptak og andre førefallande oppgåver for Fagskulen Vestland.

### Industrifagskulen

Industrifagskulen ([Driftsmidler til studieplasser i høyere yrkesfaglig utdanning - Industrifagskolen 2025 | HK-dir](#)) er ei rammetildeling over tre år frå HK-dir som finansierer korte, fleksible utdanningstilbod opp til 30 studiepoeng. Rammetildelinga er basert på forventa produksjon av studiepoeng, omrekna til heiltidsekvivalentar (HTE).

I perioden 2025-2027 er Fagskulen Vestland tildelt ei ramme på 12,9 millionar kroner årleg, ut frå ein planlagt studiepoengproduksjon på 146 HTE per år. Til no har ikkje Fagskulen Vestland levert i tråd med planlagt studiepoengproduksjon, men det er lagt planar for korleis aktiviteten skal auke.

År	HTE
2025	29,8
Jan-april 2026 (lyst ut)	45,46
2026 (planlagt)	131
2027 (planlagt)	180

For at Fagskulen Vestland skal klare å levere planlagt studiepoengproduksjon og unngå at tildelt løyving vert trekt tilbake, er det nødvendig at EVU-avdelinga vert styrka gjennom nye årsverk.

### Bransjeprogram

Bransjeprogrammet ([Treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling | HK-dir](#)) finansierer utvikling og gjennomføring av nye utdanningstilbod som svarar på konkrete kompetansebehov i arbeidslivet. Ordninga har årlege utlysingar der omfang og innhald i utlysinga varierer.

År	Tal søknader	Tildelte prosjekt	Total løyving FAV
2025	17	4	11.200.630
2026	12	11	13.934.749

I Bransjeprogrammet skal utvikling og gjennomføring skje innanfor ein definert tidsperiode. Både bransjeprogram i 2025 og 2026 har rapporteringsfrist ved utgangen av 2027, noko som fører til svært høge krav til aktivitet i denne perioden.

### Utviklingsprosjekt

EVU-avdelinga bidreg også med søknadsutvikling, prosjektleiing, administrasjon og rapportering på ei rekke utviklingsprosjekt ved Fagskulen Vestland utanom ordinære EVU-prosjekt. Desse inkluderer:

- Fagforsterka operatør i industrien
- H2Cove – Hydrogen Centers of Vocational Excellence
- Næringslab
- Tverrfagleg lab
- Portabelt maskineringsutstyr
- Modulisering av landbruksutdanning
- Droneoperatør i landbruk og redning
- Entreprenørskap og bedriftsleiing (søkt utviklingsmidlar VLFK april 26)
- Desentralisert elkraftutdanning med pilotering av Värnamo-modellen

Dei fleste av desse utviklingsprosjekta er heilt eller delvis finansiert gjennom eksterne midlar, både i form av offentleg støtte og gjennom medfinansiering med samarbeidspartar.

### Studieadministrasjon

Alle opptak til industrifagskule og bransjeprogram vert løyst som lokale opptak administrert av EVU-avdelinga, og IT-system for studieadministrasjon ved Fagskulen Vestland er per i dag ikkje tilpassa dette. Mange manuelle operasjonar fører til stor arbeidsmengde knytt til lokale opptak.

År	Planlagde lokale opptak	Estimert % årsverk studieadministrasjon
2026	65	116
2027	93	166

Betre tilpassa løysingar kan gje stor effektivisering av studieadministrasjon, men fram til dette er på plass, kan kapasitet til å gjennomføre studieadministrasjon utgjere ein flaskehals for den planlagde aktiviteten under industrifagskule og bransjeprogram.

### Økonomi i EVU-avdelinga

EVU-avdelinga har finansiering gjennom industrifagskule, bransjeprogram og prosjekt med ekstern finansiering.

Det er budsjettert ein andel av den samla finansieringa til EVU. For budsjettpost knytt til industrifagskulen, er det per no lagt til grunn ein nøktern årleg produksjon på 90 HTE.

År	Bransjeprogram (EVU)	Industrifagskule (EVU)	Sum år
2026	1 900 000	2 314 800	4 214 800
2027	3 100 000	2 314 800	5 414 800

EVU-avdelinga er også finansiert gjennom administrasjon av andre utviklingsprosjekt med ekstern finansiering. Per april 2026 har EVU-avdelinga 205 % stilling finansiert gjennom slike prosjekt.

### Konklusjon

Gjennom EVU-avdelinga svarar Fagskulen Vestland på regjeringa si satsing på korte, fleksible utdanningar i fagskulesektoren. Dette arbeidet er særskilt viktig i høve til omstillingsbehova i det verdiskapande arbeidslivet i Vestland. Fagskulen er eit av dei viktigaste kompetansepolitiske instrumenta for at Vestland fylkeskommune skal få dette til.

EVU-avdelinga gjer det mogleg for Fagskulen Vestland å sikre tilgang til finansieringsordningane som følgjer med desse kompetansepolitiske føringane. For at avdelinga skal klare å følgje opp tildelte løyvingar og sikre tilgang til framtidige løyvingar er det naudsynt at avdelinga styrkast med ekstra ressursar og at vi tek i vare dei som allereie arbeider ved avdelinga. Dei økonomiske rammene ligg til rette for dette.